

ÅRSMELDING 2021

ImF Sunnmøre med avdelingar

Tema

«Takknemlig»

Leiar

GÅ DIFOR UT!



I slutten av Matteus 28 les vi om det vi kallar «misjonsbefalinga». Jesus sa: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda! Gå difor ut.....Og eg er med dykk alle dagar...» Det var litt av eit oppdrag dei fekk: alle folkeslag skulle få høyre om Jesus og frelsa i Kristus. Det er ikkje underleg at dei var forskrekka og sikkert kjende på eiga avmakt. Eg er sikker på at Jesus også sa - som så mange gongar før - «Ver ikkje redde! Eg er med dykk!» - for det var ikkje sitt eige verk eller oppdrag dei skulle ut på, men Jesu. Og då ville Han vere med alle slags dagar! Læresveinane fekk mot og dei gjekk ut i teneste.

Og vi har fått same oppgåva. Vi har det same gode evangeliet å gå med! Mang ein gong kan vi kjenne oss både svake og lite frimodige. Men likevel skal vi gå, for Jesus er med! La oss vere villige til å stå og gå inn i den tenesta vi er kalla til.

Du går aldri åleine då - for Jesus er med!

VELKOMEN TIL ÅRSMØTE! Vi oppmodar spesielt dei unge til å kome!

Helsing Helge Dimmen
styreleiar

Velkommen til årsmøte!



Etter to år med gjennomføring av årsmøte på høsten, er det en stor glede at vi dette året kan gjør det på den tiden av året der det er både mer lys og varme sammenlig- net med det vi opplever om høsten. Vi håper og at de begrensinger vi har hatt i nes- ten to sammenhengende år ikke mer skal begrense våre liv og vår virksomhet. Ut fra dette, og flere andre forhold har vi valgt tema:

"Takknemlighet" for årets årsmøte og sommertreff.

Dette året har vi valgt og invitere til et separat årsmøte på ettermiddag og kveldstid, på en dag midt i uka. Selve sommerfesten kommer bare få dager etter årsmøtet. Vi gjør dette i håp om at en større del av oss som tilhører ImF Sunnmøre kan få en best mulig anledning til å delta på årsmøteforhandlingene.

Dette året er det pågående strukturprosess i hele ImF som vil ta størstedelen av fokus i vårt årsmøte. Dette har fokus på hvordan vi skal arbeide med den hensikt å nå flest mulig og lengst mulig med evangeliet i de kommende år.

Dette året inviterer vi deg til å bli med å drømme om den fremtid du ser for deg i din forsamling og ditt bedehus og i vår region.

På sommerfesten vil der være møter for både barn og voksne. Vår hensikt er at hele familien skal få en flott opplevelse sammen på søndag.

Lørdag inviterer vi til både møte og konsert. Vi er glade for å få med oss Aud Karin Ringvoll som taler og gruppa Øklands som sangere. Dette vil bli et flott bekjentskap for mange.

Håper å treffe mange av dere på Ålesund Folkehøgskule, både på årsmøte og på sommerfest!

Johan Halsne
Krinleiar

SAKLISTE

1. Konstituering:
 - a) Val av møteleiar
 - b) Val av person til å føre møtebok
 - c) Val av to personar til å skrive under møtebok
 - d) Val av referentar
 - e) Tale- og stemmerett
 2. Årsmelding for 2021
 3. Rekneskapan for 2021
 4. Val av:
 - A. 3 styremedlemmar
 - B. varamedlemmar
 - C. Valnemnd for neste år
 5. Revisor for krins og avdelingar
 6. Årsmøtegåva
 7. Organisasjonsprosessen i ImF
- Orientering om status i arbeidet og invitasjon til gruppearbeid for framtidig struktur. Ca. 1 time
8. Samtale og spørsmål om arbeidet ca. 15.min
 9. Stad for årsmøtet 2023

Til sak 4A, val av 3 styremedlemmar

Fylgjande går ut av styret:

Helge Dimmen, kan attveljast - tek ikkje attval
Ole Per Storhaug, kan attveljast, tek attval.
Jan Løkkeborg, kan attveljast - tek ikkje attval

Frå før sit desse i styret:

Leif Steinar Alnes, Godøya
Linda Austnes, Godøya
Odd Kåre Naalsund, Vigra
Mathias Riise, Ulsteinvik

Forslag frå valnemnda på nye styremedlemmar:

Benjamin Bjørnsen Anda, Valderøy
Lasse Molnes, Ellingsøya
Solveig Stenerud Monsen, Sjøholt
Sigurd Sæverud Nybø, Sjøholt
Ole Per Storhaug, Stette

Forslag frå valnemnda:

Til sak 4B, val av varamedlemmar til styret


STYREKANDIDATAR



Anda, Benjamin Bjørnsen (Valderøya)
28 år. Sogneprest i Giske og Vigra. Bakgrunn frå ImF på Jæren. Bidreg med andakter på Radio Sunnmøre.



Molnes, Lasse (Ellingsøya)
45 år, gift. Tømrer, engasjert i husstyret på Ellingsøy bedehus. Er med i styret for Orreneset Misjonscenter.



Monsen, Solveig Stenerud (Sjøholt)
30 år, gift. Utdanna barnevernspedagog, jobbar på Sjøholt Folkehøgskole. Har vore styremedlem i Godøy indremisjon og eigarstyret i Tryggheim barnehage Godøya.



Nybø, Sigurd Sæverud (Sjøholt)
40 år, gift. Sjølvstendig næringsdrivane, servicemann inn mot landbruk og anleggsbransje. Brenn for at heile Bibelen skal forkyntast som Guds ufeilbarlege ord også i 2022 og i åra som kjem. Leiar for Skodje bedehusforsamling og styreleiar for Orreneset Misjonscenter.



Storhaug, Ole Per (Stette)
63 år, gift. Arbeider på Tine Ålesund. Har vore med i søndagsskulen både lokalt, på kretsplan og vara i landsstyret. Har vore i krinsstyret i ImF Sunnmøre siste 2 åra.

VARA



Humblen, Jenny Anna Maria Erikson (Humla)
48 år, gift. Jobbar på Tryggheim barnehage Åse. Har vore barne- og ungdomsarbeidar i Blindheim og Hatlehol indremisjon.



Remmen, Kåre Magne (Godøya)
53 år. Jobbar som matros. Tidlegare leiar for Godøy indremisjon. Har vore 3.vara i krinsstyret siste år.

ImF Sunnmøre er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er «Med Guds Ord til folket».

ImF Sunnmøre vart stifta i 1882, og dette er soleis den 140. årsmeldinga for krinsen. Styret vil med dette legge fram eit samandrag for verksemda i 2021.

HEIMLOV

Vi vil starte med å minnast dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett å ta fram einskildpersonar, vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har vore i misjonsarbeidet.

Den kristne vona gir håp i møte med døden, Apostelen Peter seier det slik i 1. Pet.1,3: *«Lova vere Gud, våre Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødd oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»*

Vi lyser fred over gode vener sitt minne.

TANKAR OM ÅRET 2021

Også året 2021 blei i stor grad prega av begrensningar i arbeidet vårt knyta til Covid 19 situasjonen. I nokre periodar var der større opning for virksomheit samanlikna med tider der det kun var mogleg å samlast i små grupper med god avstand. I skrivande stund er vi takknemlege for at vi ikkje kjenner til utbrudd av smitte knytt til nokre av arrangementa som Indremisjonen, både i krinsen og på lokalplan, var ansvarlege for.

Så trur vi det er rett å gi uttrykk for takknemlegheit til myndigheitene våre som etter beste evne la føringar og begrensingar på vår bevegelsesfridom og moglegheit til å samlast med den hensikt at flest moglege som ønska kunne få tilstrekkeleg antall dosar vaksine, før ein eventuelt blei smitta.

Kva denne perioden har ført til av bortfall frå forsamlingar og aktivitet i arbeid kjenner vi ikkje i skrivande stund. Studiar frå andre land kan dessverre tyde på at vi lett tillegg oss vanar som gjer at både teneste og fellesskap blir bortprioritert.

I dei to åra som har gått, har Radio Sunnmøre fått bety mykje for mange. Moglegheita for å lage digitale produksjonar og strime møte var stort sett oppløgd mark før mars 2020. Dette er gode verktøy som vi er takknemlege for at vi kan bruke. Å lytte til og sjå møte frå godstolen er ikkje det same som å vere ein del av fellesskapet i forsamlinga om du har anledning til det. Vi vil derfor oppmuntre alle som kan, til igjen å finne plassen sin, både i teneste og forsamling.

Uavhengig av Covid 19 ser vi ei utvikling i landet vårt og den vestlege verda som gir grunn til uro.

Ein forkjærligheit til postmodernismen, multikultur og avstandtaking til den kristne kulturarven. Vi ser ei utvikling innan radikal kjønnsideologi som er krevjande og skremmande. I dag skal barn lære heilt ned i barnehagen at kjønn er mest følelse og ikkje biologi. Den Pride ideologien som FRI forfektar, rokkar ved dei grunnleggande verdiane våre når det gjeld familie, foreldreskap, slekt og kontinuitet mellom generasjonar. Dei forfektar og ein radikal kjønnsideologi der alle typar kjønn, kjønnsuttrykk, kjønnsidentitetar og seksuelle orienteringar er likestilte "normal-variantar».

Dersom menneskerettane må forståast og fortolkast via Pride-ideologien, blir resultatet innsnevring. Regnbuebevegelsen har mange gode intensjonar, men fungerer som ei innsnevring for tanke-, ytrings- og trusfridom. Det vil bli vanskelegare å stå for eit klassisk bibelfundamentert syn i dette landskapet. Gjerne vil vi oppleve det sterkast i komande år i det å drive skular og barnehagar med ein kristen formålsparagraf.

Det er viktig at vi kjenner både strømingar og ideologiar som er trendsettarar i samfunnet vårt og kan møte desse med bibelfundamentert undervisning. I ei tid som denne trur vi at Bibelens sunne og frigjerande bodskap er den einaste vegen ut av mørket. Vi skal møte vår tids strømingar og meningsmotstandarar med respekt og tydelegheit. Vi skal våge å stå for klassisk og sunn bibelsk lære om strømingane rundt oss endrar retning.

For ImF Sunnmøre er det og ei stor glede at vi i ImF-familien kunne få ta i bruk ein ny Folkehøgskule, plassert på Sunnmøre, nærmare bestemt på Sjøholt. Vi meiner dette er ei rett satsing sett både i et misjonsperspektiv og diakonalt lys.

Gjennom heile året har og den pågåande strukturprosessen som foregår i ImF-familien, hatt fokus og vi er glade for konstruktive innspel gjennom treffpunkt der misjonsfolket har gitt oss innspel og tilbakemelding. Vi veit at endring er krevjande for mange og vi gjer det ikkje utan at vi ser at det er nødvendig. Der er eit godt stykke mellom der vi er i arbeidet vårt i dag og der vi ønskjer å være. Endringsrommet vil utfordre oss alle på ulike måtar, men skal vi no i samtida vår med det vi trur på held i liv og evigheit, må vi la oss utfordre.

Det er framleis fleire og fleire som tek Awana i bruk som verktøy i undervisninga av born og unge rundt om i Norge. Vi har eit mål om at enda fleire, og i kretsen vår skal gjere seg bruk av dette i komande år.

Vi er og svært takksame til alle trufaste medvandrar som står med i arbeidet år ut og år inn på ulike måtar, og som vi møter som givarar, dugnadspersonar, tilsette og frivillige.

UNDERAVDELINGANE VÅRE

ImF Sunnmøre får lov å stå i eit rikt og samansett arbeid der vi når menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Vi er djupt takksame for dei mange underavdelingane våre og dei mange som tene Herren Jesus gjennom desse. Alle desse har levert eiga årsmelding som ligg vedlagt, men vi vil i takksemd nemne kvar einskild her:

Orreneset Misjonscenter og Brusdalsheimen

Dei to leirstadane våre er gode arbeidsreiskapar for å nå menneske med evangeliet.

Både på Brusdalsheimen og Orreneset er det vanlegvis stor aktivitet og mange menneske er innom. Dette året vart det annleis då dei fleste arrangement vart avlyste og all utleige stoppa opp. Ein har strekt seg langt for å gjennomføre dei ting som det har vore opna for, men det meste har diverre gått ut. Dei tilsette har i større eller mindre grad vore permitterte store delar av året, og det skal ikkje leggast skjul på at det har vore eit krevjande år på alle måtar.

Både på Brusdalsheimen og Orreneset har ein nytta året til ulike praktisk arbeidsoppgåve som har stått føre. Begge stadane er det mange trufaste frivillige som stiller opp på dugnad. Vi takkar kvar einskild for truskap i tenesta. På Orreneset er Anbjørg Bårnes framleis dagleg leiar. Sondre Bårnes slutta i si stilling dette året og vi takkar han for trufast teneste.

På Brusdalsheimen er ein epoke over når Hilde og Arvid Lukkedal ikkje lenger er tilsett som styrarpar. Arvid har gått over i anna arbeid frå sumaren av, mens Hilde gjennom hausten framleis tok hand om drifta av Brusdalsheimen. Hilde skal på sikt inn i ei stilling som barnearbeidar i ImF Ung Sunnmøre.

Radio Sunnmøre

Radio Sunnmøre er nok den største talarstolen vi har i arbeidet vårt i ImF Sunnmøre. Ei lyttarundersøking syner at det på Sunnmøre no er 5000 faste lyttarar kvar dag, i tillegg kjem dei som høyrer på radioen via internett andre stadar i landet. Gjennom sine sendingar når radioen ut til svært mange menneske, både på Sunnmøre og elles utover landet. Ja vi har også lyttarar som høyrer på via internett over heile verda. Mange gjev uttrykk for stor takksemd for radiosendingane våre. Det har også vore gjort eit stort arbeid med å bygge ut sendenet for DAB. Radio Sunnmøre sender no 24/7 gjennom appen RadioPlayer og på internetradio.

Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er tilsett i 100 % stilling og Arild Ove Halås er tilsett i 50 % stilling som programmedarbeidar. Oddveig Molnes er frivillig programmedarbeidar. Ein stor takk til både tilsette og den store flokken av frivillige medarbeidarar i Radio Sunnmøre.

Fermate Sunnmøre

Iris Vartdal Clausen har 40 % stilling som dagleg leiar, sjelesørgjar og kurshaldar. Jan Løkkeborg jobbar som frivillig sjelesørgjar. I 2021 hadde Fermate Sunnmøre 201 samtalar. Fermate er eit samarbeidsprosjekt med Normisjon. Frå 1. januar 2022 endra ein namn til Fermate MØRE.

Daggry barnehage, Valderøya

Daggry Barnehage har 73 barn fordelt på 4 avdelingar. Dei nye lokala som sto ferdig i 2017 har gjeve barnehagen vår eit skikkeleg løft. Ein stor takk til styrar Kari-Lise Nordstrand og staben hennar.

Brukt og Nyttig

Ein stor og trufast stab av frivillige medarbeidarar driv brukt butikken vår på Valderøya. Vi vil seie kvar einskild ein stor takk. I 2021 blei det overført kr. 150 000,- til drifta av ImF Ung Sunnmøre frå Brukt og Nyttig, noko som er av svært stor verdi for både drift og økonomi i krinsen.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS

Mange menneske som opplever livets tyngste tak i møte med døden får både praktisk og åndeleg hjelp frå våre tilsette i Begravelsesbyrået Sunnmøre. Takk til dagleg leiar Kjell Runar Stige og staben hans for stor innsats også dette året.

Møre Barne- Ungdomsskule Ålesund

110 elevar frå 8.-10. klasse går på det som no heiter Møre- Barne og Ungdomsskule Ålesund i Hatleholen i tillegg til om lag 35 barn på barnetrinnet som no er under oppbygging. Rektor Signe Reidun Urtegård slutta i stillinga si frå 1. august og Øystein Engås overtok som ny rektor. Takk til rektor og personale for innsatsen gjennom året.

Møre barne- og ungdomsskule Herøy

Skulen vår i Herøy har rundt 150 elevar frå 1.-10. trinn. Takk til rektor Asbjørg Muren Ulvund og til alle våre tilsette på skulen i Herøy.

Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS

Ved skulen i Brusdalen er det rundt 80 elevar frå 1.-10. trinn. Rektor Ingrid Kvam Steinshamn fekk innvilga to års permisjon frå sommaren 2020, og Lars Johan Stokken vikarierte som rektor fram til sommaren 2021. Då overtok Håkon Hovda som rektor. Takk til alle tilsette ved skulen vår i Skodje.

Ålesund Folkehøgskole

Vi ser at namnebyttet til Ålesund Folkehøgskole for tre år sidan var eit godt grep for skulen. Skulen profilerer seg elles som «reiseskulen». Korona-pandemien gjorde det utfordrande med elevrekruttering, men skulen har likevel klart å rekruttere elevar. Takk til rektor Sven Wågen Sæter og personalet ved skulen for truskap i tenesta.

ImF UNG Sunnmøre

Randi Fagerhol Lauvås slutta som leiar for ungdomsavdelinga frå sommaren 2021 etter å ha vore sjukemeldt det meste av våren. Mathias Lindgren Mulelid hadde permisjon i 100 % stilling dette året, men vart frå 1. november leigd inn i ei 30 % stilling som leiar for ung-avdelinga. Hilde Sofie Blindheim Østrem (50 %) har hatt fødselspermisjon det meste av 2021. Hilde Giske Lukkedal og Kristine Solstad er innleigd på timebasis som barnearbeidarar. Marie Gudmestad tok til som barne- og ungdomsarbeidar i 100 % stilling frå august.

Eit stort og viktig arbeid vert gjort her mellom borna og dei unge. Ung-avdelinga fekk merke Covid 19 pandemien svært sterkt og det meste av leirar og lagsbesøk har vorte avlyst. Ein har likevel heile tida strekt seg så langt som mogleg for å gjennomføre det som kunne gjerast. Vi vil seie takk til Randi, Mathias, Hilde Sofie, Marie, Hilde og Kristine for truskap i tenesta for Jesus.

Plussreiser AS

Plussreiser er den av avdelingane våre som har merka mest følgjende av pandemien. Ein dyktig stab under leiing av Aud Kindervåg Halsne har klart å berge selskapet igjennom denne store krisa, noko som ikkje var ei sjølvfølgje. Ein har også vore svært kreativ for å finne alternative reisemål i Noreg gjennom året. Heldigvis ser det ut som ting vil bli betre utover i 2022.

Johan R. Sunde AS

Butikken som ImF Sunnmøre overtok for eit par år sidan på Eidsnes på Sula har eit mangfoldig utval av reiskap, maling, omnar og det meste som ein treng. Takk til dei tilsette ved Johan R. Sunde AS.

VERKSEMDA I KRINSEN

Forsamlingsbygging

Dette er eit tema som blir meir og meir aktuelt for bedehusa på Sunnmøre og vi vil så sterkt vi kan oppmode om å gå for «forsamlingsmodellen» der det ligg til rette for det. Der eit bedehus er for lite til å starte slikt arbeid åleine, oppmuntrar vi til samarbeid mellom bedehus og andre organisasjonar. ImF Sunnmøre støttar dette arbeidet, og vil hjelpe til med kompetanse i planlegging og startfase så lang som mogleg.

Møteverksemd og forkynnararteneste

Igjen vil vi få uttrykke ei stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnar-opdrag på fritida si, sjølv om dei fleste dette året fekk det meste av reiseruta si kansellert. Det er ein stor rikdom å ha frivillige forkynnarar, og vi gler oss til igjen å kunne sende arbeidarane våre ut. Vi vil be kristne brør og søstre om å vere frimodige i å dele vitnemålet i forsamlinga.

Vi ber om å få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåve til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat forkynnarane få blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmål om forkynnarhjelp kjem via krinskontoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehus. Med atterhald legg vi fram denne oversikta:

Fylgjande forkynnar har vore i verksemd i 2021 i regi av ImF Sunnmøre:

Karl Arne Austnes, Linda Austnes, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørdal, Oddrun Bjørdal, Anders Bjørnerem, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Reidar Fiske, Svein Folde, Kjell Furnes, Hilde Gjengedal, Marie Gudmestad, Johan Halsne, Arild Ove Halås, Randi Fagerhol Lauvås, Gudrun Longva, Hilde Giske Lukkedal, Jan Løkkeborg, Oddveig Molnes, Jostein Mulelid, Odd Asbjørn Nybø, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Marcus Røsvik, Kristine Solstad, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård, Hilde Sofie Blindheim Østrem.

Frå Indremisjonsforbundet:

Irene Krokeide Alnes, Marit Stokken Berland, Roald Evensen, Erik Furnes, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Ragnar Ringvoll

Andre som har vore med på møter:

Familien Knotten, Eyun Jacobsen, Leif Jakobsen, Berit Johansen, Svein Kvamsdal, Ingvald André Kårbø, Svein i Prestigardi, Tor Rødseth, Ole Kristian Sameien, Kathrine Skjold, Tore Hjalmar Sævik, Adonai, Sara og David Åstrøm

Tilsette i administrasjonen i ImF Sunnmøre:

I administrasjonen er no tre tilsette. Johan Halsne har 100 % stilling som krinsleiar. Janne Støbakk har 80 % stilling som administrasjonsleiar og Arild Ove Halås er tilsett i 50 % som forkynnar og administrasjonsmedarbeidar

Mannshelg på Brusdalsheimen

Avlyst pga Covid19.

Kvinnehelg på Orreneset og Brusdalsheimen/Stemne på Brusdalsheimen / Sommartreff/

Alle desse vart avlyste grunna Covid 19 pandemien.

Drive In Basar

Sidan årsmøtehelga måtte gå ut og grunna pandemien valte vi å gjennomføre ein Drive In Basar den første laurdagen i juni. Fleire team frå krinsen reiste rundt på ulike bedehus og selde lodd og noko å bite i. Frammøtet dei ulike stadane var ikkje all verda, men totalt var det mange som deltok. Det totale resultatet vart på om lag 130 000,- noko som er eit flott resultat.

Årsmøte

Tysdag 14. september vart det arrangert årsmøte på Sjøholt Folkehøgskole der ein fekk gjennomført dei ulike formalitetane som måtte gjerast.

Krinsstyret

Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik) og Ståle Tønnessen (Ulsteinvik) gjekk ut av styret på årsmøtet.

Det nye krinsstyret består av Jan Løkkeborg (Emblem), Helge Dimmen (Giske), Mathias Riise (Ulsteinvik), Odd Kåre Naalsund (Vigra) og Ole Per Storhaug (Skodje), Linda Austnes (Godøya) og Leif Steinar Alnes (Godøya).

Helge Dimmen vart vald til styreleiar når styret konstituerte seg.

Knut Aarsund 1.vara (Brattvåg), Marit Sæverud Nybø 2.vara (Sjøholt), Kåre Magne Remmen 3.vara (Godøya) og Reidar Halvard Muren 4 vara (Gjerdsvika) vart valde som vararepresentantar for 1 år.

Styret har i 2021 vore samla 6.gongar og handsama 62 saker. Fleire av møta har vore digitale.

I tillegg har krinsstyret som generalforsamling for Plussreiser AS, Begravelsesbyrået Sunnmøre AS, Johan R. Sunde AS og Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS halde desse samlingane.

Krinsleiar, administrasjonsleiar og leiar for ImF-Ung Sunnmøre er med på styremøta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndeleg samhald i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for våre teneste.

Leif Steinar Alnes, Helge Dimmen og krinsleiar Johan Halsne utgjer krinsen sitt «Hyrd og læreråd».

60+ på Brusdalsheimen

I august klarte ein å gjennomføre årets 60 + innanfor gjeldande smittevernreglar. Talarar var Marit Stokken Berland og Jarle Berland. Takk til komitéen med Jostein Mulelid i spissen som står for desse samlingane!

Orrenes-stemnet i august

Rolf Heitmann frå Den Norske Israelmisjon var årets talar for stemnet på Orreneset dette året.

Song- og musikkhelg i Fosnavåg

For fjerde gongen arrangerte vi Song- og musikkhelg på Thon Hotell Fosnavåg saman med Kristen Riksradio P7. Smittevernreglane gjorde at det var begrensningar på antal, men dette vart løyst med å gjennomføre fleire konsertar med same innhald etter kvarandre.

Stjernedryss

Dette året vart det laga seks digitale Stjernedryss då det ikkje var lov å samle folk rundt om på bedehusa.

Storsamlingar / Arbeidarfesten

Desse samlingane vart avlyste grunna Covid 19 pandemien.

Medarbeidarkonsert

Tysdag 30.november arrangerte vi konsert med Arvid og Raghild Pettersen med venner på Blindheim bedehus.

Fakkeltog for dei forfølgde kristne

Siste måndagen i oktober arrangerte Åpne Dører fakkeltog i Ålesund sentrum til støtte for forfølgde kristne. ImF Sunnmøre er glade for å få vere med å arrangere denne viktige markeringa av dei forfølgde kristne sin situasjon. Vi avslutta med ei fin samling i Ålesund kyrkje.

ØKONOMIEN

Årsrekneskapen for ImF Sunnmøre syner eit underskot på kr. 65 482,-

Takk til alle våre trufaste gjevarar som er med å halde misjonsarbeidet oppe gjennom sine gaver.

TAKK

Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet i ImF Sunnmøre for at Guds rike skal ha framgang. Herren har utrusta og kalla deg, og vil løne deg rikt for din truskap i kallet.

Takk til alle medarbeidarane som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane i alle underavdelingane våre.

Takk til Indremisjonsforbundet, Bibelskulen på Bildøy og andre krinsar for godt samarbeid i året som gjekk.

Arbeidet vårt må vere prega av at vi har fått kall og anledning til å forkynne den gode budskapen. Vi må be om å få eige ein erobringstrong til å vinne nye for himmelen.

«Vi vil framleis vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!»

Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han. 2. Kor 5, 20-21

Styret for ImF Sunnmøre

Helge Dimmen (leiar)

Leif Steinar Alnes (nestleiar)

Ole Per Storhaug

Mathias Riise

Linda Austnes

Odd Kåre Naalsund

Jan Løkkeborg

Knut Aarsund (1.vara)



Ei stor TAKK til Arvid Lukkedal, Marit Bjørlykkhaug Vingen og Sondre Bårnes for flott arbeidsinnsats gjennom mange år!

Årsmelding ImF-UNG Sunnmøre 2021

ARBEIDSTABEN

Følgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2021:

Randi Fagerhol Lauvås: 80 % stilling som leiar, sjukemeld store deler av året, slutta i denne stillinga 01.11.21

Mathias Lindgren Mulelid: permisjon frå si 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar frå 01.01.21 Starta i stilling som administrasjonsleiar i avdelinga i 30 % stilling frå 01.11.21

Hilde-Sofie Blindheim Østrem: 50 % stilling som barne- og familiearbeidar , morspermisjon frå mai-21

Hilde Giske Lukkedal: barne- og familiearbeidar på timebasis

Marie Gudmestad: 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar frå august -21

Kristine Solstad: barne- og familiearbeidar på timebasis frå august-21

På grunn av den spesielle situasjonen med covid-19 og restriksjonane dette førte med seg, vart det ikkje sett inn vikarar ved sjukemeldingar og permisjonar i vårhalvåret.

Frå august-21 var arbeidet og bemanninga tilbake stort sett som før.

LEIRARBEIDET

I 2021 hadde vi planlagt 10 leirar. På grunn av covid-19 vart fleire av leirane avlyste.

I vårhalvåret vart begge WinterGames-leirane på Orreneset avlyst og ein Minileir på Brusdalsheimen. Den andre Minileiren vart avvikla som ein dagsleir med barn kun frå Ålesund kommune.

Gutteleiren gjekk som planlagt og Jenteleiren vart avvikla som ein 2-dagers leir.

Haustralvåret såg heldigvis meir normalt ut etter ein litt begrensning på arrangement i starten.

Orrenesleikane vart avvikla seinare enn tidlegare med ein fin flokk 5.-7.klasse. Eine Minileiren på Brusdalsheimen vart dagsleir, den andre som vanleg over 2 dagar.

Dei som har alderen for leir, får tilsendt Leirliv i posten 2 gongar pr. år, med leirprogram for halvåret og ei lita helsing. Vi sender ut dette til alle som har vore på leir dei 3 siste åra, og antalet har lagt på ca. 400 eksemplar dei siste åra. Så reklamerer vi for leirane på Facebook og Instagram, på heimesida vår, brosjyrar på papir blir teke med i ulike samanhengar/arrangement og vi sender brosjyre til alle laga som er tilslutta ImF Sunnmøre. Så vi håper på denne måten at informasjon om leirane kjem breitt ut.

Leirarbeidet er fortsatt eit viktig arbeid for å nå borna og dei unge med evangeliet, så vi håper at det etter kvart kan ta seg opp igjen. Vi er avhengige både av å få villige leiarar og barn som ynskjer å reise på leir. Vi oppfordrar foreldre til snakke saman og oppmuntre barn og venner av borna til å melde seg på. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leiarar som opplever fine dagar og fint fellesskap på leir. Sjølv om vi skjeldan veit korleis den enkelte deltakaren responderer på det som vert forkynt så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydelege og frimodige i å forkynne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

BARNEGOSPELFESTIVALEN

Det vart ikkje gjennomført Barnegospelfestival i 2021, og på grunn av den usikre situasjonen vart den heller ikkje lagt inn i planen.

LAGSARBEIDET

Også for lagsarbeidet har dette vore eit spesielt år. Mange lag hadde pause og det var lite spørsmål om besøk frå oss det første halvåret.

Mange lag kom i gang igjen hausten-21, og vi har fått fleire spørsmål om å kome på besøk. Då er det kjekt å ha dyktige medarbeidarar å sende ut.

Vi har i år ikkje den fulle oversikta over aktive lag.

AWANA

Awana er eit verktøy for opplæring og disippelgjerding av barn og unge som Indremisjonsforbundet lanserte i Norge i 2017. Awana er utvikla i USA, og blir brukt i over 120 land verda over i ulike kirkesamfunn og forsamlingar. Etter å ha vore i bruk i Fredheim Arena i Sandnes eit år, har alt materiell som har blitt oversett til norsk blitt tilgjengeleg for dei som ynskjer å starte opp Awana-lag.

Bibelundervisning – lek – smågrupper, alt dette er like viktig på ei Awana-samling. Barna skal ha det kjekt i lag, få le og leike seg. Grundig og systematisk bibelundervisning er den andre viktige biten, og som den tredje bolken har dei smågrupper. Her øver dei mellom anna på å lære bibelvers utenat, og så får dei arbeide i dei flotte bøkene som kvar enkelt deltakar får. Desse bøkene skal dei ha med og arbeide i heime, og på den måten blir dette ei hjelp til å snakke om trua også i heimen.

I smågruppene skal barna bli sett, dei kan dele liv og be saman.

KonFu

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM region Nordvest, Misjonssalen Ålesund og Emblem Bedehusforsamling. Dette er eit tilbod for dei som ynskjer å konfirmere seg i ImF eller NLM sin regi, eller for dei som ønskjer seg eit supplement til den undervisninga dei elles får i andre samanhengar.

Hausten 2021 avslutta vi eit konfirmantår med 24 konfirmantar. Av desse var det seks som konfirmerte seg på Emblem bedehus. Hausten 2021 starta vi med eit nytt kull på 28 konfirmantar. Vanlivis avsluttes konfirmantåret på våren men på grunn av nedstenging så vare dette utsatt til hausten.

Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og den mulegheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifullt! KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby.

NATT TIL 1. MAI GOSPEL

I 2021 kunne vi dessverre ikkje samle ungdomar til dette arrangementet på grunn av strenge Covid-19 restriksjonar.

PIT-STOP

22.-24. oktober arrangerte vi PitStop, denne gangen var det på Emblem bedehus. Temaet for helga var «Følg meg» og talaren var Joakim Solbakken. Joakim talte på fredag kveld om «Kom og se» lørdag kveld snakket han om «Følg meg» og søndag formiddag snakket han og «Takknemlighet». Det var flott lovsang gjennom helga som vart leda av U-teamet frå Emblem Bedehus. På lovsangskvelden var det Respons, Ole Andreas Høyberg, Jakob Sewerin og Elias Akslen som bidro med sang. Pit-Stop er eit samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NLM Ung Nordvest og den forsamlinga eller bedehuset som er med som arrangør for året. Takk til Emblem bedehus som stilte med hus og la det praktisk til rette. Vi sette også stor pris på alle dei frivillige som var med på å gjere det til ei så flott helg!

BUR

Medlemene i BUR: Ruben Austnes (leiar), Anette Bjørge, Miriam Holene, og Oliver Ørjavik

Ruben Austnes og Anette Bjørge avslutta i BUR til sommaren etter endt periode. Vi takkar dei for godt engasjement og innsats.

BUR skal vere eit rådgivande organ, og skal, saman med dei tilsette, bidra til at arbeidet vi driv skal vere tenleg og godt for barn og unge på Sunnmøre.

BUR hadde ingen møter i 2021

Imfung-sunnmore.no, Facebook og Instagram

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Vi prøver å legge ut nye saker, både ting som skal skje og glimt frå arrangement vi har hatt. Påmelding til leirane skjer også via nettsida imfug-sunnmore.no.

Vi er på Facebook og har ei eiga side som heiter ImF-Ung Sunnmøre og som har ca 563 følgjarar, ein liten oppgang frå 2020. Der legg vi ut oppdateringar om ting som skjer, leirar, arrangement med meir. Her kan den enkelte hjelpe oss med å få ut informasjon, ved å dele, like eller kommentere det vi legg ut, slik at det når fleire.

Blant dei unge er Instagram meir brukt enn Facebook, og vi oppretta difor også ein Instagram-konto. Instagram kontoen vår har det siste halvåret blitt meir brukt, og vi har no 240 følgjarar, fleire unge enn før.

FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leirar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leiarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon

TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ein stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet rundt om på Sunnmøre. Takk til alle lagsleiarar, leirleiarar og støttespelarar.

Takk til alle som er med som leirleiarar og medhjelparar på arrangement i regi av oss i ImF-UNG Sunnmøre. Utan frivillige hadde det ikkje vore så mykje aktivitet i form av leirar og større arrangement.

Vi håper og ber om at alle laga skal starte på igjen når det blir normale tider i landet vårt, og at leiarane ny giv og inspirasjon til å fortsette det viktige arbeidet for at barn og unge skal få lære å kjenne Jesus og følge han. Og vi håper også at leirarbeidet tek seg opp igjen når forholda ligg til rette for det.

Takk til alle som støttar oss økonomisk. Det er både enkeltpersonar og lag som bidreg med gåver, vi set pris på kvar ei krone som kjem inn. Takk for anledninga til å få lov å ha ImF-UNG Sunnmøre som arbeidsplass

Til slutt vil vi takke alle som ber for ImF-UNG Sunnmøre. Det set vi stor pris på, det er med å bere arbeidet og medarbeidarane, og er ei viktig og verdifull oppgåve for den enkelte som ser verdien av kristent arbeid blant barn og unge.

TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!

Bli med!

JENTELEIR 24.- 26. JUNI

4.-7. klasse, Brusdalsheimen, 800 kr

GUTTELEIR 30. JUNI - 3. JULI

5.-8. klasse, Brusdalsheimen, 1050 kr



*For mer info og påmelding:
www.imfung-sunnmore.no*

ORRENESET MISJONSSENTER 2021

2021 ble nok et år der store deler av vinteren og våren ble avlyst, eller arrangementene ble flyttet til senere på året. Fra juni til desember gikk det veldig bra å arrangere. Med noe redusert antall i gruppene har smittevern og opplegg fungert greit.

Det var også en sykmelding i staben fra høsten -20 til juni, så de ansatte ble ikke belastet med permitteringer.

En del forefallende arbeid ble tatt. Ellers ble terrassegolv og rekkverk skiftet før sommerferien. Orreneset fikk en ny og fin fasade!

Det var da fint å kunne ønske grupper og selvkostgrupper velkommen utover hele sommeren og høsten. Sondre Bårnes sa opp sin stilling som vaktmester og kokk fra 01. aug.

Bemanning: Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som daglig leder.

Sondre Bårnes 100 % stilling som kokk og vaktmester frem til 01. aug.

Jonny og Else Hatlehol ble ansatt som vaktmesterpar fra 01.august i 20% stilling.

Ellen Brautaset Vatne er «fast dugnads kokk». 2 ungdommer fra Sykkylven har hatt jobbeheleger på kjøkken. På høsten hadde vi også 3 ektepar som kom og hjalp til hver si helg, det var veldig kjekt.

Styret:

Sigurd Nybø formann, Sigmund Valbø sekretær, Lasse Molnes styremedlem, Jarle Fausa, Synnøve Welle, Ole Per Storhaug er kretsstyret sin representant. Svein Lars Ringstad er 1. varamedlem

Styret hadde 2 møter og behandlet 13 saker.

Vedlikehold og reparasjoner:

Bygninger/reparasjoner: Mindre oppussingsprosjekter som maling og små reparasjoner innendørs. Ny ytterdør i kjellerinngang

Nytt terrassegolv ble lagt og ny glassrekkverk rundt hele hovedhuset.

Uteområde:

Investeringer/vedlikehold utstyr: Påfyll av div servise og utstyr til kjøkken, samt små innkjøp. Oppgradering og utskifting av alarmsentral.

Bil/traktor: Nye sommer og vinterdekk på bil, service på både bil og traktor

Økonomi:

Lønnsutgiftene. Påvirkes litt av redusert stillingsprosent fra august og en lengre sykmelding.

Lotteriet: Det ble ikke holdt noe form for lotteri eller innsamling i år.

Gaver: Vi mottok en stor gave på 400 000 kr fra en anonym giver. Siden den er tatt inn i regnskapet, gikk økonomien i pluss.

Fast giverteneste /kollekt/andre gaver: 231 434 kr

Kompensasjon for tapte inntekter på grunn av Corona: 171 800 kr

Resultat før avskrivninger: 287 050 kr

Årsresultat: 181 255 kr

Takk: Styret vil takke alle frivillige som har stått sammen med oss i tjenesten dette året.

Vi trenger å ha mange med i både givertjeneste og praktisk hjelp for å holde på god drift. Og det føler vi at vi har fått. Sammen takker vi Herren for at han går framfor og viser vei for at Orreneset kan være et redskap for Han.

Styret: Sigurd Nybø, Synnøve Welle, Jarle Fausa, Sigmund Valbø, Lasse Molnes, Ole Per Storhaug, Svein Lars Ringstad

Anbjørg Kvam Bårnes – Orreneset



BRUSDALSHEIMEN 2021

Enda eit annleis år er over, 2021 starta med nedstengningar igjen. Mannsmøte, konfirmantleirar, minileirar, korhelgar, basar, bryllaup, konfirmasjonsselskap og barnedåpsselskap blei avlyst, og noko blei utsatt.

Vi fekk heldigvis gjennomført alle konfirmasjonsselskap utpå hausten. I mars fekk vi besøk av klasser frå to folkehøgskular som la turen til Ålesund som erstatning for utanlandstur. Møre barne- og ungdomsskule kom også på overnattingstur med nokre elevar.

Til stor glede fekk vi ha jente- og guteleir, og ein dagsleir. Kjekt å arrangere leir igjen!

60+ leiren i august blei avvikla som planlagt. Det var fullt hus og det vart gode dagar, Marit Stokken Berland og Jarle Berland var med som talarar.

Frå slutten av august og utover heile hausten var det godt med aktivitet. Vi hadde bl.a. pensjonisttreff, slektstreff, skulebesøk m.m. I november hadde vi ein kjekk minileir med 40 born (der var til og med venteliste)

Julemarknaden 19.-20.november var inne på Spjelkavik bedehus. Der kom bra med folk og det blei eit godt resultat på ca. kr. 135 000,-.

I desember blei det meir nedstengning igjen, vi hadde derfor nokre få små arrangement.

Investeringar: Nytt brannalarmanlegg, og ein ny, liten, men svært tenleg traktor kom på plass.

Økonomi: Her viser vi til rekneskapen. På trass av nedstengninga vart overskotet bra, vi hadde bl.a. alle tilsette permitterte store delar av året og at vi fekk «koronastøtte» for avlyste arrangement ca kr 240 000,-.

Personalsituasjonen: Første halvåret var vi begge for det meste permitterte. Arvid slutta i tenesta si på Brusdalsheimen etter vel 20 år. Han står fortsatt som dagleg leiar inntil vidare, og tek seg av det meste av kontorarbeid og betalingsrekningar m.m. Hilde held fram i arbeid inntil vidare.

1.august tok Else og Jonny Hatlehol til som vaktmestarar i 20 % stilling. I tillegg tek Else ein del kjøkkenarbeid og nokre helgearrangement.

Styret for Brusdalsheimen:

Helen Ulla Langlo - leiar, Per Arne Furnes - nestleiar, Kari Anne Steffensen - sekretær, Thor Østen Hurlen, Jan Ivar Stokset, Gerd Behrentz– 1.vara.

Takk til alle som støttar oss på ulike vis, forbøn, dugnad, pengegåve, legg arrangement til Brusdalsheimen og kjem på samlingane våre.

For Brusdalsheimen

Hilde Giske Lukkedal





Plussreiser driver sin virksomhet som turoperatør ved salg og formidling av turer i inn- og utland. Selskapets hovedkontor er i Spjelkavik i Ålesund kommune, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger.

Plussreiser er den største leverandør av Kristne feriereiser i Norge. På grunn av koronasituasjonen så ble omsetningen i 2021 på 18,3 mill.

Selskapet fikk i 2021 et årsunderskudd på 44.937. Egenkapitalen pr. 31.12.21 var på kr. 4.176.460,-

Plussreiser har mottatt støtte gjennom noen av de sentrale krisepakkene som har blitt bevilget gjennom 2021. Selskapet har også mottatt omstillingsmidler/ kompetansemidler som har gjort selskapet godt rustet for fremtiden. Dette har vært vesentlig viktig for å komme seg gjennom 2021, og selskapet har fortsatt en grei egenkapital.

Gjester kommer fra hele Norge. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Plussreiser fordi de får et bedre tilbud enn det de selv kan få ved å planlegge og bestille reisen i detalj selv. De får reiseledere som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. På de fleste av turene får de også Guds ord forkynt, mange av turene med egen forkynner. I Plussreiser er vi stolte over å kunne tilby gjestene noe mer enn ferie.

Administrasjon

Plussreiser har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab. De gjør en stor innsats for selskapet.

Plussreiser hadde ved utgangen av 2021 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne (daglig leder), Kurt André Henriksen, Corina Klokk, Liv-Hilde Ervik Hellevik, Mona Nordstrand, Sissel Stokset, Kjell Harald Otterlei, Harry Wiig Andersen, Evy-Gunn Knotten, Signe Solås, Øystein Ramberg og Ariel Frøyland. Personalet var delvis permittert i 2 mnd. våren 2021.

Administrasjon er inndelt i tre enheter. Det er Israel/USA, Europa og Eksotisk. Enhetene er geografisk orientert og alle tilbyr både åpne påmeldingsturer og skreddersydde bestillingsturer hvor kunden selv bestemmer turens innhold.

Salg og markedsføring

Det ble gitt ut en reisekatalog i 2021. Denne ble gitt ut januar`21 og inneholdt reiser for hele året.

Vi har kun fått gjennomført 2 utenlandsturer i 2021. Begge gikk til Israel på høsten. Ellers å har vi fått gjennomført en del turer i Norge gjennom året

Visjon

Vår visjon er å dele "Guds Ord med feriefolket". Vi ønsker å gi mennesker et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkyntes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

Eiere

Plussreiser AS er 100% eid av Plussreiser Holding AS, som igjen er eid av: ImF Sunnmøre (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), Det Norske Misjonsselskap/Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%)

Styret

Styret har i 2021 behandlet 29 saker og bestod etter generalforsamlingen 10. mai av:

Karl Arne Austnes (styreleder), Vignleik Brekke (nestleder), Bjørn Tunheim, Svein Bjarne Aase, Anna Sæter, Jan Ove Kleppe.

Varamedlemmer var Sven Wågen Sæther (1. vara), Marit Røykenes Dahle (2. vara) og Arild Ove Halås (3. vara).

Karl Arne Austnes

Styreleder

Aud Kindervåg Halsne

Daglig leder



VIKAKROKEN AS

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretningseiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik. Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Plussreiser AS, ImF Sunnmøre, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre. Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Plussreiser AS.

Vika-Kroken AS eies av ImF Sunnmøre 48%, Indremisjonsforbundet 24%, Normisjon 24%, Nordmøre og Romsdal Indremisjon 2%, Indremisjonssamskipnaden 2%

Selskapet hadde i 2021 en omsetning på kr. 538.681

Selskapet hadde i 2021 et årsoverskudd på kr. 86.601. Overskuddet ble tillagt egenkapitalen.

Egenkapitalen pr. 31. desember 2021 er kr. 3.784.006

Styret i Vika-Kroken AS bestod etter generalforsamlingen 10. mai av:

Bjørn Tunheim (styreleder), Karl Arne Austnes og Sven Wågen Sæther.

1. vara Svein Bjarne Aase



DAGGRY BARNEHAGE - 2021

«SOM EIT KJEDE, SAMAN I GLEDE. INGEN LIKE, MEN ALLE UNIKE»

Daggry Barnehage har dette året hatt 72 barn fordelt på 4 aldersdelte avdelingar, og ei god venteliste med barn som ynskjer plass hos oss.

Personalgruppa består av 23 tilsette, fordelt på pedagogar og assistentar, tilsaman 18,9 stillingar, inkl spes.ped-assistentar som arbeider med barn med særskilte behov.

Personalet har avdelingsmøter kvar veke, leiarmøte annankvar veke, og personalmøte på kveldstid kvar månad. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til verdigrunnlag, pedagogisk innhald, arbeidsmiljø og personleg utvikling.



Samarbeid med eigar og andre instanser

Leiar for styret i Daggry, Anders Bjørnerem, er hovudkontakten vår til eigar. Vi set stor pris på dette samarbeidet, men kunne ynskje at vi kunne få sjå litt meir av eigarane våre her i barnehagen, og at vi kunne få f.eks. ungdomsarbeidarar frå ImF Sunnmøre på besøk.

Dagleg leiar for Daggry er med i nettverk for ImF-barnehagane, NLM-barnehagene i M&R, og styrarmøte med dei andre barnehagane i Giske kommune.

Vi har eit nært samarbeid med Giske kommune, gjennom pedagogisk rådgjevar for barnehagar, det gjeld både faglege prosjekt, kurs, styrarmøter, tilsyn, rådgjeving m.m.

Når det gjeld samarbeid med andre etatar, så har vi samarbeidsprosedyrar med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Personalet legg stor vekt på samarbeidet med foreldra, gjennom dagleg kontakt, foreldremøte, foreldresamtalar, dugnad, og andre arrangement i barnehagen.

Daggry er medlem i Private barnehagars landsforbund, her har vi tariffavtale, forsikringar, pensjon, bedriftshelsete-neste, regnskapsteneste, HMS-system, og foreldre-app'en Kidplan. PBL gir oss god støtte på alt av regelverk, økonomi, arbeidsmiljø, m.m.

Verdigrunnlag og pedagogisk innhald.

Formålet for drifta av barnehagen utfrå Barnehagelova er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane. Daggry har ei utvida forståing av den kristne formålsparagrafen.

Barnehagen sin viktigaste profil utad, er at det er ein kristen barnehage, og innhaldet er prega av det.

Visjonen vår er "med Guds kjærleik til barna", og det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane. Vi har eit definert verdigrunnlag med desse fire kjerneverdiane: UTVIKLING – NESTEKJÆRLEIK – INKLUDERING – KVALITET.

Inkludering er satsingsområdet vårt, og dette er i samsvar med UDIR og kommunen sine satsingar. Vi jobbar her med vennskap, samspel, språkutvikling, lek og godt barnehagemiljø og vi får kurs og arbeidsseminar om temaet også gjennom kommunen vår. Barna skal få lære haldningar, verdiar, praktiske ferdigheiter og kunnskap om ulike fagområde som trengs for å utvikle seg til å kunne fungere i eit fellesskap og eit samfunn, og all læring skal skje gjennom lek, opplevingar og utforsking. Barnehagen er det første steget i utdanningsløpet, grunnlaget for vidare læring vert lagt i barnehagen.

Ein kan lese meir om innhaldet vårt på heimesida: <http://daggry.barnehage.no>

Økonomi.

Barnehagane i Giske har siste åra hatt veldig tronge budsjett, og dei kommunale tilskota til har gått ned for kvart år, og gir no lavaste tilskot i heile landet, medan både løn og andre utgifter aukar.

Slik det er blitt no, så er det ikkje meir å skjere ned på i budsjettet og heller ikkje på bemanning, og det går ikkje an sjølv med eksperthjelp å få saman eit budsjett i balanse. Ein kan ikkje over fleire år late vere å bruke pengar til leike, utstyr, vedlikehald av bygget, osv, då forfell heile barnehagen vår. Dette fører sjølvstilt til underskot i årsresultatet som viser - 172 352,-. Vi må berre håpe at det blir betre tider snart, slik at vi kan fortsette å drive barnehagen vår.

Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2021

- Eigar: Anders Bjørnerem -leiar (styret og SU)
Hans-Louis Valderhaug (styret og SU)
Randi Fagerhol Lauvås (styret og SU)
- Personale: Marte Tolo Skjong (styret og SU)
Heidi Merete Godø (styret og SU)
Kari-Lise Nordstrand –styrar (styret og SU)
- Foreldre: Yvonne Magnussen (SU)
Malin Richardsen (SU)

Det vart halde 4 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2021.

Kari-Lise Ose Nordstrand - dagleg leiar ved Daggry barnehage



KJERNEVERDIER

SOM EIT KJEDE SAMAN I GLEDE
INGEN LIKE, MEN
ALLE UNIKE

UTVIKLING KVALITET

NESTE-KJÆRLIGHET INKLUDERING

I DAGGRY BARNEHAGE BETYR DETTE:

- **Utvikling:**
 - Kvalt barn skal få utvikle seg til den beste utgåva av seg sjølv
 - Kvalt barn skal bli rusta til å meistre livet sitt godt, no og i framtida
 - Barna skal ha gode rollemodeller i dei voksne
- **Nestekjærighet:**
 - Vi viser omsorg, vi trøster og vi tilgir kvarandre
 - Vi vil glede oss på andre sine vegne
 - Vi vil vise kvarandre kjærleik, slik som Bibelen fortel om Guds kjærleik til menneska.
- **Inkludering:**
 - Kvar ein skild deltek aktivt i fellesskapet
 - Vi viser respekt og tek kvarandre på alvor
 - Alle i vårt fellesskap skal oppleve at dei er unike og har stor verdi
 - Å ha ein ven, og vere ein ven for andre
- **Kvalitet:**
 - Eit stimulerande pedagogisk miljø for barna, med kompetente voksne som motiverer til barnet si lyst til å lære og utforske
 - Barnehagen har tydeleg profil og verdier
 - All læring skjer gjennom leik og utforskning, og barna får lære med heile kroppen og alle sanser.
 - Trivsel og tryggleik for barn og voksne, og godt samarbeid med foreldre



Årsmelding 2021

ELEVSITUASJONEN:

Våren 2021 fullførte 102 elevar, hausten starta vi med 68 elevar. Ingen av utanlandsreisene let seg gjennomføre skuleåret 2020-21 og året var prega av strenge koronatiltak som også gjorde det vanskeleg å gjennomføre større reiseprojekt i Noreg. Vi trur svak søkning til reiseskulen denne hausten skuldast usikkerheit om kva reiser som let seg gjennomføre. Skuleåret 21/22 har vi fått gjennomføre Israelstur og stort sett alle dei lange reisene. Vi trur at viktige reiser blir viktig for skulen framover også, samstundes skal vi utvikle synlege fagområder som kan gjere søknaden til skulen meir robust.

PERSONALET:

Vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og stor innsats. Pandemien har kravd mykje av alle i personalet. Vi har vald å satse på personalet vi har, no dette første året med elevsvikt. For skuleåret 22-23 må vi i større grad tilpasse bemanning til elevtal.

BYGNINGAR OG INVESTERINGAR:

Det har ikkje blitt investert stort i 2021. Bygningane sine prosjekt er skyvd ut i tid. Vi har forsøkt ta vare på økonomisk handlefridom gjennom all usikkerheita pandemien gir.

ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2021 ein omsetnad på 2,89 millionar kroner – heile 28% vekst i forhold til 2020. 2020: 2,26 mill og i 2019: 3,68 mill. Verksemdene vi driv i tillegg til skuledrifta heiter Borg Sommerhotell Ålesund, Borg Catering Ålesund og Borg Utleie Ålesund. Bruk oss!

INNHALD OG KRISTEN SKOLE:

Ålesund folkehøgskole skal være ein møtestad mellom indremisjonsbevegelsen vår og all ungdom som ønskjer å gå her. Det er spanande å arbeide med ein skule som både skal formidle tru og håp på kristen grunn, og gi alle elevane oppleving av at her er det plass for dei og at det er deira eigen skule. Ein god kristen folkehøgskole er som eit triveleg torg – eit ope rom med plass til alle som vil vere elevar hos oss, omkransa av synleg kyrkje og rådhus, her er gatekafear, musikantar, og karusell. Vår skule arbeider med kva innhald kristen skule skal ha, kva demokratisk og samfunnsbyggjande skule skal vere, korleis det sosiale livet skal utviklast, vi arbeider med kunst og musikk og vi gir alle mange svimlande opplevingar. Eit komplett torg altså.

ØKONOMI:

Revidert rekneskap for 2021 viser eit årsresultat med underskot på kr 1 466 142 når finanspostane er rekna med. Styret rekna med stort underskot etter gjennomgang av inntektssvikt i juni 2021. Det var her vi valde å halde på tilsette meir enn å ta store kutt i staben denne sommaren. 2020 gav oss handlefriheit til dette gjennom eit årsresultat med overskot på kr 1 060 815. Skulen si langsiktige gjeld utgjer no kr 24 429 406,- (2020: kr 26 442 410,-). Omsetninga er på 26,5 mill. Den var 28,5 mill. i 2020.

RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING:

Våren 2021 leverte vi sjølvevalueringsrapport om det sosialpedagogiske blikket og den uformelle samtalen som pedagogisk arena. Det er i møtet mellom engasjerte medarbeidarar og elevane at danning og læring i folkehøgskulen skjer.

STYRET:

Frå eigarane: Rigmor Andersen Eide – styreleiar, Arild Austnes – nestleiar, Andreas Bakke, Hildegunn Fylling og Victor Haram. Vararepresentantar: Linda Austnes, Oddrun Giskeødegård. Rektor: Sven Wågen Sæther. Frå dei

tilsette: Anne Marte Aasebø. Vararepresentant: Helene Indrebø. Frå elevane: Hannah Blom (vår) og Simmen Karoliussen i haust.

TAKK:

Skulen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Følg med oss på nettsida og i sosiale media. Vi er glad for vener som ser det rike ungdomsarbeidet skulen er.

8.4.2022

Rigmor Andersen Eide Styreleiar	Andreas Bakke	Arild Austnes Nestleiar
Victor Haram	Anne Marte Aasebø Tilsettrepresentant.	Simmen Karoliussen Elevrepresentant.
Hildegunn Fylling	Sven Wågen Sæther – rektor	

holde
arrangement?

BRUK FASILITETENE PÅ ÅLESUND FOLKEHØGSKOLE

Vi har **amfi** til kurs og konferanser, **idrettshall** til trening og barnebursdag, **selskapslokale** for mindre forsamlinger, samt **kultursal** til konsert og storsamling!

Vi tilbyr også **catering** med hjemmelaget mat fra Borg Catering.



Basis og formål

«Møre barne- og ungdomsskule Ålesund skal i all si verksemd søke å skape eit læringsmiljø som fremjar eit kristent heiskapeleg syn på livet, forankra i trua på Gud som skaper og frelsar. Skulens formål er å gje elev-ane god fagleg undervisning og opplæring, og å føre dei fram til avsluttande grunnskuleeksamen. I forståing med foreldre og i respekt for elevane vil skulen formidle kunnskap, inspirere til læring og utvikling av heile mennesket for å utruste elevane for eit godt og ansvarleg liv i heim, samfunn og forsamling. Skulen skal i alt sitt arbeid gjere Kristus kjent for elevane slik at Han kan verte trudd og etterfylgd.»

Setningane du akkurat har lese er viktige for identiteten til skulen vår og seier mykje om kven vi vil vere. Skulen er i vekst og vi kjenner på glede over å bygge ein kristen friskule!

Korona

Korona har prega skulekvardagen i snart to år og i kalenderåret 2021 var det mange ulike situasjonar å tilpasse seg til for elevar og personale. Vi vart gode på å skifte mellom raudt, grønt og gult i trafikklysmoedellen, men vart også mykje skuffa over arrangement og turar som måtte endrast, utsetjast og også avlyst.

Samtidig var glede stor når det i periodar var tilnærma normal drift der elevane kunne vandre fritt innandørs i friminutta og vi kunne samle heile ungdomsskulen til andakter att. Barneskulen har vore mindre påverka av korona-tida. Dei vart tidleg definerte som ein kohort. Stort sett må vi seie at skulen vore heldig og vi har ikkje hatt store smitteutbrot i klassene.

25 års-jubileum

Vi har sendt ut 24 elevkull sidan Møre ungdomsskule starta opp i 1996, og skulen feira i 2021 25 års jubileum sidan oppstarten i 1996. Vi hadde store planar om å markere jubileet med ein reunion i romjula 2021, men måtte avlyse på grunn av ny bølge av covid 19. Det var stor interesse for arrangementet, og det viser at Møre har betydd mykje for alle elevane som har vore innom skulen vår! Gjennomgangstenen frå tidlegare elevar var at dei sakna skulen og miljøet og såg tilbake på tida ved skulen med glede

Barneskulen

I august 2020 utvida vi med barnetrinn på Møre Ålesund. Hausten 2021 tok vi imot elevar i 1. klasse for andre gong. Ved årsskiftet var det i alt 16 elevar på barneskulen, fordelt mellom førsteklasse og ei kombinert 2.-3.klasse. Vi treng fleire elevar og trur at det blir viktig å gjere skulen kjend også som ein god nær-skule for området Flisnes-Ramsvika-Blindheim. Det er mykje utbygging i området og vi har ein kjempeflott skule å tilby! Det nye skulebygget har fungert svært godt, og vi gler oss over god plass og gode klasserom og vrimleareal. Uteområdet er også svært flott og stort. Kom gjerne innom og opplev det der det ligg lunt og solvendt til bak skulen. Uteområdet for barneskulen er godt skjult for dei som berre susar forbi på hovud-vegen. Barneskulen brukar området mykje til ute-undervisning.

Styret for Møre barne- og ungdomsskule Ålesund

Møre barne- og ungdomsskule Ålesund er organisert som ei stifting. Styret i Sunnmøre Indremisjon vel medlemmar til stiftinga sitt styre. Dei andre medlemmane har uttalerett, men ikkje stemmerett. Styret for Møre barne- og ungdomsskule har frå hausten 2021 vore samansett slik:

Arild Ove Halås, styreleiar, Ståle Schrøder Heggset, nestleiar, Bjørg Clausen Flydal, Andre Fiskarstrand, Håvard Vollset Lien, Rune Sæther, lærar-representant, Inger Helene Veiberg, representant øvrige ansatte Alfred Ulstein representant frå elevrådet, Ingrid Elise Zahl representant frå elevrådet, Majlene Skogvold Melendez, representant for FAU, representant for Ålesund kommune: Bjørn Ivar Rødal

Vi ynskjer å rette ei stor takk til kvar einskild i styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!

Elevtal

Våren 2021 hadde vi 116 elevar og hausten 2021 var elevtalet 123. Her var det 16 på barnetrinnet, og 107 på ungdomstrinnet. Ved elev-teljinga 1. oktober 2021 fordelte elevane seg slik på heim-kommunar:

Ålesund 102 elevar, Sula 13 elevar, Sykkylven 5 elevar, Giske 3 elevar.

Elevane fordelte seg slik: 10.trinn: 29 elevar, 9. klasse; 29 elevar og 8.trinn: 49 elevar, 1 klasse: 6 elevar, 2. og 3.klasse: 10 elevar

Tilsette ved Møre barne- og ungdomsskule Ålesund hausten 2021:

Kristin Blindheim Akslen, Turid Beate Bjørnerem, Elisabeth Brennhaug, Øystein Engås, Marit Alnes Djupvik, Kjell Eivind Holmen, Eldbjørg U. Rønneberg, Heidi Fink, Dagfinn Fredly, Ingvild Petra Vågnes Gjerde, Nicolai Engeli Godø, Ole Knut Giske, Anna Molvær Inntveit, Trine Johansson, Karina Leine, Jens Birger Lervåg, Ingvild Stette Eide, Sofie Bjørge, Reidun Grønbeck, Anita Mork, Mari Sæland, Gry Sæther, Rune Sæther, Robert Tjømlid, Ragnhild Wold, Hilde Håberg, Mats Johansson, Nikolai Sundklakk, Inger Helene Veiberg, Mari Standal Tulu, Gard Ukkelberg Ringset,

Vi gler oss over elevar som i stor grad fortel om eit godt og trygt læringsmiljø, om vaksne som ser dei og som bryr seg om dei. Møre har eit velkvalifisert og engasjert personale som identifiserer seg med skulen si kristne målsetting og som arbeider aktivt for at skulen og SFO skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og dannelsingsoppdraget. Difor er det og all grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!

Turar og aktivitetar

Vi har mange godt innarbeidde tradisjonar på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø.

Desverre sette koronapandemien ein stoppar for turen for 10. Klasse til Krakow. Den vart først omgjort til ein Trondheims-tur, og deretter på nytt stoppa og omgjort til tur til Geiranger. Det vart ikkje lov med overnatting for 8. og 9. klassane til Orreneset i september, men vi fekk laga ein lang dagstur i staden. Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort kvar dag – i klasserommet.

Utviklingsarbeid

Vi vil vere ein skule som er i stadig utvikling og som tek aktivt del i utviklingsprosessar regionalt og prosessar vi set i gang sjølve. Nye læreplanar står framleis i fokus, og hausten 2021 var vi med på opplegget «profesjonsfagleg digital kompetanse» som Nordre Sunnmøre Regionråd står bak i samarbeid med høgskulen i Volda. Det er også mange nye kursopplegg som er planlagt som desentralisert kompetanseutvikling (DeKomp) og som vi er kopla på saman med dei kommunale skulane i området vårt.

Det er eit uttalt ynskje at leiarane ved dei tre etablerte Møreskulane og Molde friskule møtes jamnleg. Dette nettverket er ein viktig og nødvendig møteplass for leiinga på dei ulike skulane. I 2021 vart desse møtepunkta digitale. Vi samarbeider også om fagdagar for dei tilsette.

Planar vidare

Skulen hadde hausten 2021 fire klasser på ungdomstrinnet, og tre klasser på barnetrinnet. Planen vidare er å ta opp ny 1.klasse kvart år, samtidig som ein prøvar å fylle opp med fleire elevar i dei eksisterande klassene på barnetrinnet. Når barnetrinnet er fylt opp til 7.klasse ser vi for oss å satse på to klasser på kvart trinn på ungdomsskulen. Nybygget og utvidinga med ny barneskule er eit stort økonomisk løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utfordringar i mange år framover. Men først og fremst gir det nye elevgrupper moglegheita til å gå på ein kristen friskule! Andre etasje i nybygget står u-innreidd foreløpig, men må takast i bruk om ikkje mange år. Der ligg det ein byggeprosess og ventar. Vi har også planar om ein gapahuk/ute-klasserom på det flotte uteområdet vårt. Jubileumslotteriet gav oss 35 000 kroner og FAU vil gå i bresjen for ei innsamling slik at vi håpar å få realisert dette.

Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommunar til å dekke spesialundervisning. Elevbetalinga er 12 600,- kr. pr. år på ungdomstrinnet, og 5 400,- kr. per år på barnetrinnet. Dersom søsken er elevar samtidig, betalar den eine full pris, elevbetalinga for den/dei andre blir halvert.

Årsresultatet for 2021 viser eit underskot på 72 414,- kroner

Forbøn

Stor takk til alle som er med å ber for skulen vår! Vi treng at de som misjonsfolk er med i forbøn for oss som arbeider ved skulen. Be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidretta. Be om elevtilgang i barneskulen og for økonomien. Ver også med å be for elevane våre og heimane deira.

For Møre barne- og ungdomsskule Ålesund

*Arild Ove Halås
Styreleiar*

*Øystein Engås
rektor*

Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Årsmelding 2021

Skulen held til i Brusdalen litt aust for Brusdalsheimen i tidlegare Skodje kommune. Skulen starta opp hausten 2015, og frå oppstarten leigde vi kommunen sitt skulehus i Brusdalen i tillegg til at vi sette opp mange brakker. I desember 2019 kjøpte vi skulehuset og eigedommen rundt.

Skulen er organisert som eit aksjeselskap. ImF Sunnmøre eig alle aksjane, og kretsstyret er generalforsamling for skulen og utnemner dei medlemmene i styret som har stemmerett. I tillegg kan kommunen, dei tilsette, foreldra og elevrådet peike ut sine representantar i styret. Dei er utan stemmerett. Rektor er sekretær for styret.

Kristen friskule

Skulen er ein kristen friskule som er oppretta under friskulelova. Skulen ynskjer, som eit alternativ til offentleg skule, å gje elevane god undervisning tufta på det kristne verdigrunnlaget. Dette blir ivareteke gjennom tilsetting av personale som vedkjenn seg den kristne trua og etterlev dette både privat og på arbeidsplassen. Elles er det kvar dag andakt for både personalet og elevane, mens vi også jobbar med å vektlegge det kristne livs- og verdssynet i undervisninga.

Elevar

Ved nyttår var det 79 elevar ved skulen, 46 i barneskulen og 33 i ungdomsskulen. Dei kjem stort sett frå Ålesund kommune, og då flest frå tidlegare Skodje kommune, men også mange frå Haram og Ørskog. Vi har også elevar frå Vestnes og Giske. Dette året har vi 11 elevar i 10. klasse, og vi håper at når dei no går ut frå skulen vår, vil dei sjå tilbake på åra ved Møre Skodje med glede og bli til velsigning kor enn dei endar opp.

Vi oppmodar misjonsfolket om å be for skulen og for elevane våre. Det er eit privilegium å kunne nå kring 80 unge med evangeliet 5 dagar i veka. I tillegg kjem alle sysken, foreldre og vener som blir rørt av dette. Vi voner difor at de også vil være med å anbefale oss til dykkar familiar, vener og naboar.

Styret for skulen

Ved utgangen av året var styret samansett slik: Oppnemnde av skuleeigar: Odd Asbjørn Nybø (leiar), Arvid Ødegård (nestleiar), Margrethe Bjørkavåg Bakke, Stine Rølvaag Brandal og Dag Øyvind Sæter og Jan Dalhaug 1. vara.

Andre: Olgunn Oksavik og Lise-Kari Tennfjord Engås representerer dei tilsette. Ole Martin Bersås er foreldrerepresentant (FAU) og Elander Hurlen er elevrepresentant. Kommunen har ikkje oppnemnt representant.

Tilsette

Ved utgangen av 2021 hadde skulen 38 tilsette (inkludert permisjonar), 32 kvinner og 6 menn. Skuleleiinga består av rektor Håkon Hovda, assisterande rektor Hilde Renate Sleveland, og kontormedarbeidar og SFO-leiar Olgunn Oksavik. Driftsleiar Per Magnus Austnes slutta mars-22.

Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er knytt til elevtalet. I tillegg betaler foreldra skulepengar, kr 10 200 pr. skuleår på ungdomsskulen og kr 4 900 på barneskulen. Ein familie med fleire born på skulen får innvilga søskenmoderasjon. Skulen har også ei stipendordning.

Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspråklege elevar vert dekte av heimkommunane til elevane.

Statstilskotet som friskulane får pr. elev tilsvarar 85% av utgiftene kommunene har pr. elev i offentlig skule, men utgifter til skulehus er ikkje medrekna. I år klarte vi likevel å kome ut med eit overskot, og det er vi takksame for.

Vi ynskjer at meir av dei økonomiske midlane våre skal komme frå gåver, da det gjer oss mindre avhengige av statstilskotet og gjer at vi på sikt kan planlegge for å bygge. Kunne du tenkje deg å støtte oss, så ta kontakt eller sjå nettsida for info: moreskodje.no.

Takk

Styret, og rektor, vil rette stor takk til alle våre tilsette for den store innsatsen dei legg ned for elevane og skulen gjennom året - eit stort arbeid i Guds rike. Då Paulus skriv til Timoteus minner han Timoteus og oss på kor viktig det er å gje borna ei kristen oppseiing.

Jeg husker din oppriktige tro, som først bodde i din mormor Lois og i din mor Evnike, og jeg er overbevist om at den også bor i deg. (1Tim 1.5)

Så takkar vi alle som ber for skulen og hugsar på oss. Aller mest takkar vi Gud som både har kalla oss til teneste og lova å vere med oss.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Odd Asbjørn Nybø
styreleiar

Håkon Hovda
rektor

Møre barne og ungdomsskule Herøy

Stiftinga er ein friskule som gir undervisning på barne- og ungdomstrinnet. Drifta vert i hovudsak regulert av «Lov om frittstående skolar» (friskolelova), med tilhøyrande føreskrifter. Skulen er organisert som ei stifting med skule- og stiftingsstyre og det til ei kvar tid sitjane styret i ImF Sunnmøre som stiftinga sitt råd. Skulen starta opp i august 2004, og er no inne i sitt 18. skuleår.

Elevar

Ved utgangen av 2021 hadde skulen 153 elevar.

Styret

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 42 saker. Ved utgangen av 2021 var det samla styret samansett slik:

Ove Johan Kopperstad (leiar) Jan Ove Kleppe, Liv Randi Knotten, Håvard Ringstad, Solfrid Ulstein Riise, Heather Kleppestrand, Miriam Sandvik, Kåre Haugum (komm.repr), Marthe Hals Nerlid (FAU) Daniel K. Pedersen (elevrådsleiar) Vara: Henning Brautaset, Anton Torvik, Inger Lillebø, Elisabeth K. Høydalsvik, Solveig Båtsvik.

Tilsette

Ved utgangen av 2021 var det 42 tilsette. Ved skulen er det tilsett 29 kvinner og 13 menn.

Erlend Førre, Bente Pundsnes Goksøyr, Liz-Mirjam Saanum, Elisabeth Høydalsvik, Heather Kleppestrand, Ieva Konona, Andreas Kråkenes, Elisabeth Natalie Kvalsund, Karianne Stenersløkken Kvalsvik, Olivia Skorpen Lande, Runar André Langnes, Jon Kristian Moe, Gunvor Kjos Moltu, Evy Kismul Myklebust, Tone Hjelmeseth Nerland, Irene Hammer Nygjerde, Linchen-Elise Nygård, Johannes Nykrem, Anita Reite Onen, Malene Frøystadvåg Remøy, Eli Beathe Ringstad, Sindre Rolvsjord, Miriam Sandvik, Ingunn Dimmen Steinsland, Simon Solbakken, Marita Ulstein Stang, Knut Strømsjordet, Kari Petra Røsvik Sundgot, Maria Teresa B. Tillian, Rigmor Torvik, Knut Einar Tokheim, Dan Philip Knotten Torvik, Rolf Magne Tømte, Gro Langstøyl Ulstein, Asbjørg Muren Ulvund, Asbjørn Vatne, Cecilia Vike, Kathrine Voldsund, Synnøve Sandøy Voldsund, Tomine Sævik Voldsund, Vegard Voldsund, Frode Weider, Heidi Brunstad Øyehaug.

Framtidig utvikling

Skulen opplever jamn tilgang på elevar. Det vil framleis vere eit satsingsområde å få fleire inn på søkjarlista for åra framover og slik stabilisere skulen sitt elevtal på eit høgare nivå. Det er kome inn søknader fram til skuleåret 2029. Arbeidet med å få utbetre uteområde er i gang, og skulen vil måtte vurdere nye utvidingar om elevtalet held fram å auke. Skulen har gjennom siste åra arbeidd med å implementere den nyaste læreplanen, LK20, vi har vore med i ei Udir-initiert satsing på «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og vi har jobba med kompetanseheving inn imot mobbing. I tillegg har vi arbeidd med ei bevisstgjøring kring lekser og kallar oss «Leksebevisst skule».

Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er elevtilskot knytt til elevtalet. I tillegg betalar føresette kr 8 000,- pr skuleår for elevar på ungdomstrinnet. Utgifter knytt til spesiellundervisning skal dekkjast av heimkommunen til eleven. Inneverande år har imidlertid skulen dekt nokre slike behov, noko som er med å forklare underskotet.

Budsjett for 2022 er sett opp med tanke på vidare drift. Styret stadfestar med dette at føresetnaden for vidare drift er til stades. Årsresultatet for stiftinga viser eit underskot på kr 836 604,- for 2021.

Asbjørg Muren Ulvund
rektor

Ove Johan Kopperstad
styreleiar

I 2021 har Radio Sunnmøre nådd mange tusen menneske med evangeliet gjennom song, tale og intervju. Radio Sunnmøre hadde dette året hatt 5000 faste lyttarar på Sunnmøre kvar veke via FM, DAB og i tillegg lyttarar via internett eller appen Radioplayer. Det var i 2021 heile 35 000 brukarar av heimesida vår, der vi dagleg legg ut nye intervju og andakter. På Facebook nådde vi 41 500 personar og via podkasten hadde vi 25 000 nedlastingar av intervju og andakter.

Stab

Arild Ove Halås leigast inn frå IMF Sunnmøre i 50 %. Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er framleis i 100 % fast. Radio Sunnmøre har også i 2021 hatt god hjelp av Oddveig Molnes som på frivillig basis lagar enkeltendingar gjennom veka.

Sendeområde

Radio Sunnmøre sender 73 timar kvar veke program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande, på FM og DAB over heile Sunnmøre. I tillegg sender Radio Sunnmøre 24/7(døgnet rundt) på internetradio, som også ein kan lytte til via appen Radioplayer.

Samarbeid

Vi har også dette året også hatt godt samarbeid med blant anna Tro & Medier, Åpne Dører og Barnevakten. Programma vi produserer for desse sendast også på fleire andre lokalradioar i landet, og set på dagsorden digitale/mediale samfunns-spørsmål, orienteringar og evangelisering utover våre landegrensar. I tillegg har vi hatt faste innslag frå blant anna Canada, NSP Aid, Israel, Bibeloversetjing på Madagaskar, Kvardagspraten med Marit & Irene og Sjømannskyrkja.

Eit samlingspunkt i koronatida

I 2021 var også Noreg prega av korona. Færre fysiske møter, konsertar og arrangement. Dette merka Radio Sunnmøre også på engasjementet blant lyttarane. Dermed sende vi fleire møter frå bedehus, laga fleire radiomøter, og har også laga fleire laurdagskveldsendingar. Gjengen frå Valderøya har vore med å ha ein laurdag i månaden vinter, haust og vår, i tillegg til at Oddveig Molnes har ein i månaden. Laurdagskveldsendingane har framleis ein stor lyttarskare.

Radiomessa i 2021 vart også ein suksess. Den vart også dette året gjort via radioen, med sal av lefser og bakst i Vikakroken. I tillegg til dette vart det arrangert Garasjesal for Radio Sunnmøre med Eli Remme i spissen på Vigra. Og i Volda hadde Randi Hamre storsal av bakst. Endå fleire baka hundrevis av lefser til sjølve radiomessedagen. Ein fantastisk innsats av frivillege som Radio Sunnmøre er svært takksam for å ha med på laget. Ein unik gjeng.

Både RadioGiv og Radiolotteriet dette året gjekk også svært bra. Fantastiske frivillege som stiller opp i økonomienmd, som telefonvakter, med gevinstar og ikkje minst med eit positivt engasjement for Radio Sunnmøre. Tusen takk!

Inntektskjelder

Radio-Giv 2020 og loddsal:

To dagar med 17 direktesende timar i mars: kr.278 825,-

Lotteri med trekking i oktober: kr.211 173 ,-

Digital Radiomesse: kr. 206 890,-

Innsamla sum på kr. 696 888,-

Fast givarteneste: - Gir forutsigbar inntekt. Dette året: kr. 352 937,-

Foreiningsgåver/private gåver/turkollekt: kr.382 238,-

Styret, økonominemda og ansvarleg redaktør

Styret 1. halvår: Leif-Steinar Alnes (formann), Arnstein Rødset (nestformann), Johan Behrentz, Merete Valderhaug, Kolbjørn Gjære, Kåre Magne Remmen (1.vara) og Helge Åkernes (2.vara)

Styret 2. halvår: Arnstein Rødset (formann), Johan Behrentz, Kolbjørn Gjære, Irene Krokeide Alnes, Rune Abelseth, Helge Åkernes (1. vara), Arnt Ove Tennfjord (2.vara)

Styret hadde 7 styremøter i 2021.

Økonominemnda i 2021: Reidar Fiske, Oddveig Molnes, Are Bakke og Ole Per Storhaug. Ansvarleg redaktør: Johan Halsne

Takk

Takk til trufaste støttespelarar som har brukt fritid i frivillig arbeid for Radio Sunnmøre.

Takk til Arne Johan Helle og Bjørn Tomren med stort teknisk ansvar, og opprustning og vedlikehald i våre konsesjonsområde og vårt studio.

Takk til styret, økonominemda, messekomitéar, teknikarar, laurdagsredaksjonar og andre.

Takk for forbønn og støtte for oss som har vår teneste i ein radio med 73 sendetimar pr. veke.

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

dagleg leiar

Årsmelding 2021

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS har i år 2021 hatt sitt 49. drifts år og firmaet har fylgjande avdelingar:

Begravelsesbyrået og Mørekister.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS er eigd 100 % av IMF Sunnmøre.

Begravelsesbyrået vart starta med tanke på den diakonale tenesta til IMF Sunnmøre.

I tillegg var det eit ynskje at forretningsdrifta skulle gje eit økonomisk bidrag til misjonsverksemda.

Økonomi.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS hadde i 2021 ei omsetjing på kr. 7.389.281,- dette er ein oppgang frå i fjor.

Totalresultatet vart eit overskot på kr. 378 690,-, som var likt med forrige år. Ved utgangen av året er selskapet gjeldfritt.

Styret for byrået har beslutta eit ekstraordinært utbytte til eigar på kr. 200.000,-, då det har vore eit økonomisk krevande år for IMF Sunnmøre.

Mørekister.

Engrossalget av kister har halde seg stabilt, det varierer i forhold til oppdragsmengda i begravelsesbyrået elles.

Byrået har fått tilbud frå andre leverandørar, men det har ikkje medført behov for bytte, då byrået er godt fornøgd med pris og kvalitet.

Begravelsesbyrået.

2021 var også eit driftsår prega av restriksjoner og smitteverntiltak, som har gitt meirarbeid i samband med påmelding og registrering. Direktesendte seremonier har det vorte mindre av enn i 2020. Det har vore i full drift heile året og sjukefråværet har vore lavt. Dagleg leiar gjennomført medarbeidersamtalar og vernerunde for alle ansatte. I periodar med stor aktivitet, har byrået gode tilkallingsressursar å trekke på. Byrået sitt primær område er framleis Ålesund, Sula og Giske. Når det gjeld Sykkylven og Stranda kommune, så har byrået inngått avtale med Welle Blomster og gravferdstenester om å bistå med hjelp i hektiske periodar.

Arbeidstokken pr.31.12.2021:

Kjell Runar Stige, dagleg leiar

Oddrun Malum Bjørdal, gravferdskonsulent.

Hilde Vartdal Clausen, gravferdskonsulent .

Linn Therese Bøen Kalvø, Økonomi/gravferdskonsulent

Begravelsesbyrået ynskjer å få vere til hjelp for nokon i ein tung og vanskeleg situasjon.



F.v. Linn Therese Kalvø, Oddrun Malum Bjørdal, Kjell Runar Stige, Hilde Vartdal Clausen.

Johan R!

Butikken som har meir enn du trur!



BRUKT OG NYTTIG

VALDERØYA

Tirsdag kl. 11-15

Onsdag kl. 11-15

Torsdag kl. 11-15

Fredag kl. 11-15

Laurdag kl. 11-15

Velkommen innom !

- Pene ting blir stadig lagt fram for salg!



RESULTAT

IMF SUNNMØRE

	Note	2021	2020
Driftsinntekter og driftskostnader			
3000 Salg av annonser		106 300	121 300
3010 Arrangement/matsalg		126 681	194 644
3040 Salg av Bøker		1 195	10 487
3120 Inntekt arr. Ung Misjon		1 100	19 049
Salgsinntekter		235 276	345 480
3125 Foreningsgaver Ung Misjon		3 000	-
3130 Foreningsgaver		761 220	818 835
3135 Brukt og Nyttig		150 000	140 000
3140 Kirkegaver		2 512	7 900
3150 Private gaver		16 325	24 302
3160 Kollektar		111 422	260 325
3170 Prosjekt barne og ungdomsarb.		116 000	110 300
3180 Fast givertjeneste		685 234	727 286
3200 Vårgave		112 972	73 950
3210 Sommergave		75 799	81 902
3220 Høstgave		78 583	58 550
3230 Julegave		84 872	74 942
3240 Årsmøtegave		84 500	46 370
Gaver		2 282 439	2 424 661
3100 Fylke /kommunale tilskudd		15 000	-
Offentlige tilskudd		15 000	-
3600 Leieinntekt Ålesund bedehus		-	49 000
3620 Strøm Radio Sunnmøre		6 000	5 000
3710 Momskompensasjon		287 373	268 453
3900 Andre inntekt.(test. gave)		78 357	74 236
Annen driftsinntekt		371 730	396 689
SUM DRIFTSINNTEKTER		2 904 444	3 166 830
5000 Lønn til ansatte		2 164 391	2 361 803
5050 Utleie personell		-1 380 746	-1 202 321
5080 Lønn ved sykdom uten aga		303 306	45 912
5100 Honorar		20 700	33 500
5109 Motkonto honorar, kostnadsført på andre		-3 000	-5 000
5180 Feriepenger beregnet		308 387	302 681
5182 Arb.avg. påløpne feriepenger		43 483	42 678
5200 Leie av talerhjelp ImF		450 269	430 881
